

1. **Formålsparagraf:** Lanslaget for norskundervisning (LNU) vil arbeide for å styrke norskfaget på alle undervisningssteg frå barnehage til universitet, og for å dyrke det norske språket utanom undervisningssystemet.
2. LNU er ei ideell foreining som har som mål å organisere flest mogleg av dei som underviser i norsk eller har norskfagleg utdanning. LNU er målpolitisk og fagpolitisk ubunde.
3. LNUs viktigaste inntektskjelder er medlemskontingent og offentleg støtte av ulike slag. LNU forpliktar seg til ei sunn økonomisk drift.
4. LNU ønskjer å vere ein pådrivar til debatt om norskfaglege emne både i undervisningssektoren og i samfunnet elles, og ein vaktar som ser til at det faglege arbeidet går føre seg i forsvarlege former. Undervisning, eksamen, læremiddel og læreplanar er difor emne laget vil arbeide med kontinuerleg.
5. LNU er ein landsomfattande organisasjon som kvart år forpliktar seg til å gi medlemmene eit fagleg (etterutdannings)tilbod i form av seminar og konferansar. I tillegg til dette ønskjer LNU å støtte lokal kurs- og seminarverksemd som fremjar formålet med laget og som er open for medlemmene.
6. Norskfaget er ein mangfaldig heilskap. LNU vil arbeide for dei tradisjonelle verdiane faget står for, men òg for at faget vert tilpassa den moderne tida og fornva i samsvar med utviklinga innafor relevante forskingsdisiplinar. Det er eit mål å få samkøyrt fagplanane på dei ulike nivåa i undervisningsverket, slik at moglege samanhengar i faget kjem fram og at progresjonen i undervisninga vert sikra.
7. LNU forpliktar seg til å fore myndigheitene med fagleg tufta argument til bruk i den nasjonale språk- og undervisningspolitikken. LNU vil synleggjere utviklinga i norskfaget og arbeide for auka ressursar til fagområdet.
8. LNU ønskjer å samarbeide med likesinna organisasjoner i inn- og utland, primært i Norden, og å arbeide for auka forståing av grannespråka. LNU vil styrke norsk som andrespråk og støtte opp om morsmålsundervisninga i ulike minoritetsspråk. Laget har full respekt for samisk som nasjonalspråk.
9. LNU har ein eigen skriftserie som består av fagleg-pedagogiske bøker for lærarar og lærarstudentar på alle undervisningssteg. Bøkene kjem ut i Norsk bokklubb.
10. LNU gir ut tidsskriftet Norskklæraren. Bladet er både eit medlemsblad og eit fagtidsskrift med debatt- og etterutdanningsfunksjon.

# LNUs lover

## § 1) Medlemskap

- Alle som arbeider med norsk, har norskfagleg utdanning eller held på med utdanning, kan vere medlemmer i LNU.
- Institusjonar kan teikne medlemskap.
- Ein vert medlem ved å betale medlemskontingent.
- Institusjonar betaler dobbel kontingen.
- Studentar betaler halv kontingen.
- Ektepar/sambuarar betaler ein kontingen, mottar eitt blad, men har elles fulle medlemsrettar kvar for seg.

## § 2) Lokal- og fylkeslag

Medlemmer av LNU kan skipe lokal- og fylkeslag. Desse kan lage eigne lover, men må binde seg til LNUs formålparsagraf.

## § 3) Tidsskriftet

LNU gir ut tidsskriftet Norskklæraren. Medlemmene får dette som ein del av medlemskapen.

## § 4) Norskbokklubben

– LNU sin skriftserie består av norskfaglege bøker, som kjem ut i Norskbokklubben. Berre LNU-medlemmer har høve til å vere medlem av denne. Det er gratis å vere medlem, ein får solid rabatt, full returret og inga plikt til å kjøpe.

## §5) Styringsorgan og organisasjon

- Styret i LNU er sett saman av leiar, nestleiar og tre styremedlemmer. Det er to varamedlemmer til styret. Dei er ikkje personlege varamedlemmer. Nestleiaren er vara for leiaren. Det skal aldri sitje færre enn to kvinner/menn i styret, og alle medlemmene skal ikkje kome frå det same skoleslaget eller det same geografiske området. Leiar, styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år om gongen, og slik at ikkje alle er på val til same tid. Dagleg leiari, redaktøren av Norskklæraren og leiaren i skriftstyret møter på styremøta med tale- og forslagsrett.
- Skriftstyret er sett saman av leiari og tre medlemmer. Skriftstyret er fagleg ansvarleg for å gi ut bøkene i skriftserien. Skriftstyret representerer LNU overfor forlag, forfattarar og redaktørar. Begge kjønn skal vere representert i skriftstyret. Både

leiar og medlemmer har normalt vervet i fire år, men utskifting må skje på ein slik måte at ikkje alle medlemmene vert skifta ut på same tid. Styret peikar ut skriftstyreleiaren. Skriftstyret/skriftstyreleiaren kjem med framlegg til nye medlemmer.

- Dagleg leiar tar seg av den dagleg drifta av laget i nær kontakt med styret. Dagleg leiar rapporterer til styret og følgjer opp styrevedtak. Styret tilset dagleg leiar.
- Redaktøren for Norsklæraren er tilsett i halv stilling og står ansvarleg for tidsskriftet. Styret lyser ut stillinga og tilset redaktøren. Redaktøren kan knytte til seg redaksjonsmedlemmer som skal godkjennast av styret. Styret godkjenner nødvendige avtalar om produksjon og distribusjon av bladet.
- Styret peikar ut dei som til ei kvar tid skal representer LNU i ulike råd, utval og samarbeidsorgan.
- LNUs valnemnd er sett saman av tre personar, ein leiar og to medlemmer, som alle er valde for eitt år om gongen.

## **§ 6) Nordisk samarbeid**

LNU samarbeider med dei andre morsmåls- og adrespråkslærarorganisasjonane i Norden gjennom organisasjonen Nordspråk. Styret vel ein Nordspråk-representant med særleg ansvar for dette samarbeidet.

## **§7) Årsmøtet**

- Årsmøtet er LNUs høgste organ.
- Årsmøtet skal haldast kvart år, som regel i samband med landsseminaret tidleg på året.
- Ekstraordinært årsmøte kan haldast etter vedtak av årsmøtet, etter styrevedtak eller om 1/3 av medlemmene krev det.
- Styret fastset tid, stad og saksliste for årsmøtet. Sakslista skal kunngjerast i på nettstaden til LNU seinast ein månad før årsmøtet. Saker som er innmelde i god tid før årsmøtet, men som styret ikkje har ført opp på sakslista, kan etter vedtak på årsmøtet likevel bli handsama på møtet.
- Årsmøtet er ope for alle medlemmer. Alle som har betalt kontingent, har røysterett. Institusjonar har ei røyst.
- Årsmøtet gjer vedtak om årsmelding, rekneskap, budsjett, arbeidsprogram, lover, føresegner og kontingent, og avgjer saker som vert lagde fram.
- Årsmøtet vel styret. Leiar skal alltid veljast særskilt. Årsmøtet vel vidare revisor og valnemnd. Vala skal vere skriftleg om ein eller fleire medlemmer krev det.

## **§ 8) Lovendring**

Styret må ta forslag til lovendring med på sakslista for årsmøtet. Lovendringsforslag frå medlemmer må vere innmelde til styret seinast tre månader før årsmøtet. Lovendringar krev simpelt fleirtal, medan endringar av prinsipprogrammet krev 2/3 fleirtal.